



Utval:	Eldrerådet
Møtestad:	Stordal kommunehus
Dato:	06.03.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 10:30

Medlemmer:	Parti
Ann Elise Dyrkorn	
Knut Eldar Relling	
Unn Linge Valdal	
Olav Løvoll	AP
Solveig Linge Stakkestad	Sp

Ann Elise Dyrkorn
leiar

Siv Krokfoss
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
004/26	Godkjenning av møtebok
005/26	Orienteringssaker
006/26	Orienteringssaker
007/26	Orienteringssaker

004/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Eldrerådet 06.03.2026:

Behandling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

EL- 004/26 Vedtak:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

005/26: Orienteringssaker - Fellesmøte i Haram 7. mai 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Eldrerådet 06.03.2026:

Behandling:

Fleire frå Eldrerådet melder seg på til fellesmøte i Haram 7. mai 2026. Kvar enkelt melder seg på, frist for påmelding 20. april.

EL- 005/26 Vedtak:

Fleire frå Eldrerådet melder seg på til fellesmøte i Haram 7. mai 2026.

006/26: Orienteringssaker - Mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Eldrerådet 06.03.2026:

Behandling:

Kommunalsjef for helse og omsorg beklara aller først at saka ikkje vart tatt med til Eldrerådet tidlegare.

Han informerte om at det er eit aukande behov for koordinatorar i kommunen, både innan helse og skule. Store utfordringar for helsesjukepleiarane, slik det er i dag. Her må det bli eit bedre samspel framover mellom einingane.

Det er fleire innbyggjarar som treng støtte og behov som gjer at det er eit aukande bejpv for fleire koordinatorar.

Nokre har i dag båd IP og koordinator, andre berre IP.

Kommunen må tidleg inn for å ikke få ei aukande mengde av brukarar. BTI er veldig sentral her og vert nytta til fleire barn og unge. Forvaltningkontoret er tett på alle og bør få mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar.

BTI - Handlingsveileidar - God informasjon om denne finn ein på Fjord kommune si heimeside: BTI portalen Fjord kommune

Kommunalsjefen orienterte også om tilvisningssaka som har vore oppe, utan medverknad hos Eldrerådet.

Tilvisningsavtalen som no er oppretta skal stimulere private utbygjarar til å starte med nybygging av boligar i kommunen. Neste steg i prosessen er reguleringsplan for Stordal, Eidsdal og Valldal.

EL- 006/26 Vedtak:

Eldrerådet i Fjord kommune takkar kommunalsjef for god orientering av ein god jobb som vert gjort. Ønskjer også å få ei evaluering av saka når den er gjennomført

007/26: Orienteringssaker - Tilvisingsbustader i Fjord kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Eldrerådet 06.03.2026:

Behandling:

Prosjektleder hus Are Sveinung Leira informerte godt om prosjektet. Saka var oppe i kommunestyret no for å ha ei politisk forankring for tilvisning. Dette for å kunne kartlegge behov i kommunen. Mange boligar i kommunen er bygd på 70-talet og er ikkje etter dagens standard. Arealplanen er under arbeid og det er nye regelverk innan plan og lovverk. Planen er at det vert satt av areal for boliger til unge og eldre. Det arbeidast mot utbygjarar og borettslag er eit alternativ.

Fjord kommune er meldt inn i "Aldersvenlig Norge. Det er utarbeida ei brosjyre som gir god informasjon også til dei som ikkje er digitale. I Fjord kommune er det ca 55 personar over 80 år som bor aleine. Husbanken og NAV gir tilskot til oppgradering av aldersvenleg bolig.

Tysdag 10. mars blir alle invitert til rådhuset i Valldal for å få informasjon frå Husbanken.

EL- 007/26 Vedtak:

Eldrerådet i Fjord kommune takkar prosjektleder for god orientering av den gode jobben som vert gjort.